

Parkinsons sjukdom og demens

MR-analysar viser at auka ventrikkelsystem i hjernen kan vere med på å forklare utvikling av demens hjå pasientar med Parkinsons sjukdom.

Parkinsons sjukdom er ein kronisk nevrologisk lidning som påverker både motorikk og kognitiv funksjon. Sjukdommen rammar for det meste eldre og inneber auka risiko for demensutvikling. Demens har ei rekkje negative konsekvensar for både pasient og pårørande. Mild kognitiv svikt er nedsett evne til å tenkje, hugse, oppfatte og lære, men evna er ikkje så sterkt nedsett at det går utover daglegdagse aktivitetar. Mild kognitiv svikt kan vere eit tidleg teikn på at

pasienten er i ferd med å utvikle demens. Det er naudsynt å kartlegge alle stadium av demens ved Parkinsons sjukdom, sidan dette kan gje kunnskap med tanke på førebygging. Turi Olene Dalaker har studert MR-bilete frå deltakarar i ParkVest-studien



Turi Olene Dalaker.
Foto Tom Galta

for å sjå om desse kan avdekkje endringar i hjernen som kan forklare mild kognitiv svikt i ein tidleg fase av sjukdommen.

– Automatiske kvantitative metodar viste at vaskulære cerebrale patologiske endringar spelar lita rolle i tidleg kognitiv svekking hos pasientane. Volumanalyser viste ikkje uttalt atrofi, men vi fann at pasientar med mild kognitiv svikt hadde auka ventrikkelsystem samanlikna med kontrollpersonane. Dette kan vere tekn på ein viss grad av nervecelledød i hjerne-stamme, midthjerne og temporallappar. Vidare forskning bør omfatte utvikling av analysemetodar som kan gje oss meir informasjon om desse delane av hjernen ved Parkinsons sjukdom, seier Dalaker.

Anne Forus
anneforus@hotmail.com
Tidsskriftet

Doktoravhandlingar

Se oversikt på side 644

Tips oss om spennende doktoravhandlingar.

www.tidsskriftet.no/doktoravhandlingar

Doktorgradsinformasjon

Dalaker forsvarte avhandlinga *Structural brain MRI and cognition in newly diagnosed Parkinson's disease* for ph.d.-graden ved Universitetet i Bergen 12.11. 2010.

Ordforklaringar

ParkVest-studien: Multisenterstudie som omfattar pasientar i Vest- og Sør-Noreg som nyleg har fått påvist Parkinsons sjukdom samt helsepersonell og kontrollpersonar med same alders- og kjønnsfordeling. I denne studien er det gjort MR-undersøking av 189 pasientar og 109 eldre kontrollpersonar. Desse skal følgjast over ein periode på ti år. MR-bilete av eldre kontrollpersonar og pasientar er analyserte i samarbeid med Buffalo Neuroimaging Analysis Center, Buffalo, NY, USA.

AD/HD hos voksne

Voksne med AD/HD har lavere yrkesdeltakelse og høgere forekomst av psykiske problemar enn sine jevnaldrende. Å få diagnosen som barn kan vere avgjørende.

Diagnosen AD/HD var tidligere forbeholdt barn. AD/HD kan også gi problemar i voksenalder, men man har hittil hatt lite kunnskap om dette. Anne Halmøy har undersøkt hvordan AD/HD hos voksne påvirker psykisk helse og arbeidsforhold. Hun har også studert faktorer i fosterlivet som kan påvirke risiko for å utvikle tilstanden.

– Vi innhentet kliniske og genetiske data fra rundt 500 voksne med AD/HD og 400 kontrollpersoner fra hele landet. Vi fant høy forekomst av psykiske lidelser og rusproblemar hos voksne med tilstanden. Stemningssvingningar, som ellers er typisk ved bipolar lidelse, var vanlig og forbundet med nedsatt arbeidsevne. Voksne med AD/HD hadde lavere utdanning, og bare 24% av de spurte var yrkesaktive. Vi så

også at det å få diagnose og behandling i barneårene økte sannsynligheten for å vere i arbeid som voksen, sier Halmøy.

Halmøy har også studert faktorer i fosterliv og fødsel som kan påvirke risiko for å utvikle AD/HD. I denne studien med data fra Medisinsk fødselsregister ble 2 000 voksne med AD/HD sammenliknet med resten av befolkningen født i samme tidsperiode. Studien viste at det å vere født for tidlig eller ha lav fødselsvekt ga økt risiko for AD/HD helt opp i voksenalder. Å vere født av mødre med en genetisk betinget defekt i serotonin syntesen ga også økt risiko for å utvikle AD/HD.

Anne Forus
anneforus@hotmail.com
Tidsskriftet



Anne Halmøy. Foto Anne Sidsel Herdlevær

Doktorgradsinformasjon

Halmøy forsvarte avhandlinga *Attention-deficit/hyperactivity disorder in adults. Clinical characteristics and pre- and perinatal risk factors* for ph.d.-graden ved Universitetet i Bergen 28.1. 2011.

Ordforklaringar

AD/HD: Attention-deficit/hyperactivity disorder. På verdensbasis er ca. 2–5% av barn i skolealder rammet. Omtrent halvparten av disse vil fortsatt ha symptomar og problemar i voksenalder.

Serotonin: Signalstoff i hjernen (nevrotransmitter). Mangel på serotonin forbindes ofte med lidelser som angst og depresjon.